



# Mønsterlov for lag i Noregs Mållag

---

## **Lover for ..... mållag.**

**§ 1** ..... mållag har til føremål:

- a) å samla målfolk i .....til aktivt arbeid for det nynorske målet på alle område,
- b) å auka kunnskapen om og vørnaden for nynorsken og dialektane våre
- c) å styrkja grunnlaget for den folkelege by- og bygdekulturen og verna om miljøet i byen/bygda vår.

**§ 2** ..... mållag skal vera innmeldt i Noregs Mållag gjennom fylkesmållaget  
....., med dei rettar og pliktar eit lokalt mållag har.

**§ 3** Arbeidsåret følgjer kalenderåret. Laget held årsmøte innan utgangen av februar, kunngjort minst tre veker på førehand. Omframnt årsmøte vert halde dersom styret vedtek det eller minst ¼ av lagsflokket krev det.

**§ 4** Årsmøtet godkjenner årsmelding og rekneskap, fastset årspengane og vedtek arbeidsprogram. Røysterett på årsmøtet har dei som har betalt årspengar for året som var.

**§ 5** Årsmøtet vel:

- a) leiar ved særskilt val kvart år,
- b) 4 styremedlemer med 3 varafolk. Styremedlemene vert valde for to år om gongen, og halvparten står på val kvart år, første gongen etter lutkast.Varafolk vert valde for eitt år om gongen,
- c) ettersynsmann/-kvinne for rekneskapen,
- d) utsendingar til årsmøtet i fylkeslaget og landsmøtet i Noregs Mållag.

**§ 6** Styret vel seg i mellom nestleiar, skrivar, kassastyrar og studieleiar, og står for det daglege arbeidet mellom årsmøta. Styret er vedtaksført når det er innkalla på vanleg måte og minst 3 styremedlemer eller varafolk møter, mellom dei leiar eller nestleiar.

**§ 7** Laget er å rekne som nedlagt når det kjem ned i eit medlemstal på under 10. Fylkeslaget kan dessutan rekne laget som nedlagt dersom det 3 år på rad ikkje vert halde årsmøte og sendt årsmelding.

**§ 8** Dersom laget vert nedlagt, skal styret i fylkeslaget ta hand om møtebøker og anna eige. Dersom nytt lag vert skipa og tilmeldt Noregs Mållag innan 5 år etter nedlegginga, skal eiga gå attende til det nye laget. Går det lenger tid, eig fylkeslaget det som er.

**§ 9** Framlegg til brigde i vedtektene må vera kjent for medlemmene minst tre veker før årsmøtet. Dersom eit framlegg til brigde av §§ 3-8 får 2/3 fleirtal, er det vedteke. For å endre §§ 1, 2 og 9 krevst samrøystes vedtak.